


Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



Dykkar ref.

Vår ref.  
11/35-4 11/2132  
Dagfinn Helland

Arkivkode:  
232

Dato:  
15.02.2011

## HØYRINGSUTTALE - SAKSHANDSAMINGSREGLAR VED UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT

Det vert vist til Finansdepartementet sitt høyringsbrev og høyringsnotat av 15. november 2010 om nye sakshandsamingsreglar for eigedomsskatt.

Sentrale tema i høyringsnotatet frå departementet:

- Forvaltningslova sine reglar skal i hovudsak gjelda når kommunen skriv ut eigedomsskatt
- Klage over eigedomsskatt, som gjeld anna enn verdsetjing, skal gå til Fylkesmannen
- Lovfesta opplysnings- og medverknadsplikt for skatteytar

Suldal kommune vil koma med slik uttale:

Eigedomsskattelova fastset at forvaltningslova ikkje gjeld ved utskriving av eigedomsskatt og at det i liten grad er andre lovfesta sakshandsamingsreglar for eigedomsskatt. Finansdepartementet føreslår å la forvaltningslova, med visse tilpassingar, også skal gjelda for eigedomsskatt.

Suldal kommune er samd i at det er trong for klarare reglar for sakshandsaminga i eigedomsskattesaker, og at forvaltningslova, med visse unntak, kan nyttast. Departementet legg til grunn at det årlege utskrivingsvedtaket for kvar enkelt eigedom må innehalda ei grunngjeving for taksten. Taksten blir fastsett for ti år om gongen, og det framstår som tungvint og ressurskrevjande med årleg grunngjeving av eit vedtak som er uendra.

Suldal kommune meiner at grunngjevingsplikta må nyanserast i denne samanheng.

Departementet har føreslått omfattande endringar i klagehandsamingssystemet, mellom anna at Fylkesmannen skal vera klageinstans for avgjerder som i dag ligg til takstnemnd/ overtakstnemnd og som Høgsterett har uttalt er naturleg ligg til nemndene å ta stilling til.

Suldal kommune meiner at forslaget om at Fylkesmannen skal vera klageorgan i eigedomsskattesaker reiser prinsipielle spørsmål om tilhøvet mellom stat og kommune.

Eigedomsskatten er ein kommunal skatt og historisk har kommunane forvalta eigedomsskatten på alle nivå.

Suldal kommune ser ingen grunn til å endra den etablerte klageordninga som har fungert godt, spesielt nå departementet legg til grunn at systemet med overtakstnemnder/ sakkyndige ankenemnder skal vidareførast.

Fylkesmannen si klagehandsaming bør som i dag avgrensa seg til lovlighetskontroll av kommunestyret sine budsjettvedtak.

Departementet har i sitt høyringsutkast føreslått å lovfesta plikt for skatteytar til å medverka og bidra med opplysningar som er naudsynte for utskriving av skatten. Kommunane har i dag ingen heimel til å påleggja skatteytarane å bidra med slike opplysningar. Dette har medført i mange tilfelle problem med å skaffa gode nok grunnlag for verdifastsetjinga.

Suldal kommune er samd i departementet sitt forslag om å lovfesta at eigaren av ein eigedom (skatteytaren) har plikt til å bidra med opplysningar og å leggje til rette for synfaringar.

Suldal kommune vil understreka at det er svært viktig at kommunen har krav på innsyn i det grunnlaget som SFS nyttar for takseringa.

Kommunen bør og ha høve til å klaga på den takseringa som er gjort.

Utover dette vert det vist til LVK og KS sine høyringsuttalar som kommunen sluttar seg til.

Med helsing



Torkel Myklebust  
ordførar